

## **iVest Consult treng fleire medarbeidarar**

iVest Consult AS er eit rådgjevande ingeniør og arkitektsselskap, som driv med fleirfagleg rådgjeving innan bygningar, anlegg, infrastruktur, arealplan, miljø, energi og vasskraft. iVest Consult er eigd av dei tilsette og er eit selskap med fagleg dyktige menneske i kontinuerleg utvikling. Som tilsett i iVest Consult får du tilbod om medeigarskap.

Selskapet har i dag 35 tilsette og utgjer eit betydeleg kompetansmiljø i vårt distrikt. Vi har oppdrag langt utover vårt nærrområde og deltek i prosjekteringsgrupper på fleire større prosjekt.

Vi held til i Sentrum av Florø, der vi har kontor i nye lokale i 3. og 4. etasje av Strandgata 15 og 17, i eit spanande fagmiljø med reklamebyrå, advokatar, finans, rekneskap, fiskeri og havbruk m.m., og med hamna som nærmaste nabo.

## **Sivilarkitekt – avdelingsleiar arkitektavdelinga**

Vår oppdragsmengd aukar og vi ynskjer difor å få tilsett ein erfaren sivilarkitekt, som umiddelbart kan gå inn i rolla som avdelingsleiar for arkitektavdelinga. Vi skisserer, prosjekterer, modellerer og utarbeider komplette anbudsgrunnlag for både private og offentlege aktørar. Våre oppdrag er gjerne knytt til arkitektur for seg, eller i kombinasjon, og ofte også i samanheng med fleire andre fagfelt, som t.d. konstruksjon, VVS, elektro og fornybar energi.

Vi ønskjer at du:

- Har godt humør og engasjement og trivast med høgt tempo.
- Er utdanna sivilarkitekt.
- Helst har nærmare 8 års relevant yrkeserfaring innan arkitektur.
- Kan gå rett inn i rolla som avdelingsleiar for arkitektur, samt som ansvarleg arkitekt for byggeprosjekt.
- Har stor interesse for og god kunnskap innanfor programvare tilknytt fagområdet.
- Har gode evnar og vilje til å arbeide både sjølvstendig og i team.
- Har gode leiareigenskapar.
- Har gode evnar til skriftleg og munnleg framstilling på norsk.

Vi kan tilby:

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver, med gode utviklingsmoglegheiter.
- Spanande arbeidsmiljø med stor fagleg breidde.
- Ein arbeidsplass med fokus på miljø – både fagleg, i utføring av arbeidsoppgåver og sosialt.
- Konkurransedyktige tilsetjingsvilkår og tilbod om medeigarskap.
- Flotte lokaler i Florø sentrum.
- For erfarne og sjølvstendige kandidatar, kan det vere aktuelt å etablere satelittkontor andre stader i landet, alternativt sitte på heimekontor, med besøk på Florøkontoret 2 til 3 gonger i veka.

For meir informasjon om oss, sjå inn på: [www.investconsult.no](http://www.investconsult.no)

Søknad og CV sendast til [jih@investconsult.no](mailto:jih@investconsult.no). seinast 16.12.2018.

Merk søknad med «Sivilarkitekt-avdelingsleiar for arkitektavdelinga»

Kontaktpersonar: Rune Melvær tlf. 474 77 136/ Jan-Inge Hage, tlf. 975 11 472